



Vår dato
04.03.2024

Vår referanse
ÅTIL Ski

1 Styret si samansetjing

Årstal i parentes er når medlem er på val.

Leiar: Even Gundersen Vee (2025)
Anlegg / utvikling: Magne Knudsen (2025)
Hytteansvarleg: Kristin Jevnaker Seim (2024)
Økonomi: Hanne Katrine Nes (2025)
Styremedlemmar: Jan Stian Smedegård (2025)
Seniorrepresentant: Tor Henanger (2026)

1.1 Andre roller

Løypeansvar: Stian Vee
Maskinansvarleg: Ivar Jevnaker
Løypemaskinførarar: Stian Vee, Ivar Jevnaker, Even Gundersen Vee
Arrangement: Håkon Seim Lysne, Tor Henanger, Johnny Svåi, Terje Solheim, Even Gundersen Vee
Seniorgruppe (kjerneteam): Tor Henanger, Magne Knudsen, Håkon Seim Lysne

2 Styret sitt arbeid

2.1 Styremøte

Styremøte i Skigruppa blir arrangert etter behov. Normalt 3-4 møter per år avhengig av aktivitetsnivå. Redusert behov for møter grunna effektiv digital kommunikasjon!

2.2 Spesielle oppgåver

Styret har handsama saker knytta til drift av anlegget og sportsleg aktivitet. I tillegg til styremøte har det også blitt arrangert følgande møter av interesse for ÅTIL Ski i 2023:

- Planleggingsmøte med Straumnett og Årdal Kommune, LED lys
- Møte med Årdal Kommune og grunneigarar i Seimsdalen/Offerdalen i forbindelse med ny arealplan for Seimsåsen frå 2025
- Mobildekning: kontakt med Telenor og Årdal Kommune (foreløpig plan er etablering i 2024-25)

Oppgåver som er utført i perioden:

- Rydding av snø. Storstilt dugnad for å få rydda tak på Seimsåsen etter kraftig snøfall tidleg i februar.
- Ferdigstilling av maledugnad frå 2022.
- Service på løypeutstyr. Klargjering og service på utstyr før sesongstart.
- Løyperydding. Etablert som fast aktivitet for seniorgruppa i ÅTIL Ski framover.
- Rydding av skog på stadionområdet og ved parkeringa
- Rydding av garasje, speakerbu og område utanfor Aosahytta
- Bytte av varmtvassstank og toalett (bak kjøkken)



Vår dato
04.03.2024

Vår referanse
ÅTIL Ski



Maledugnad:



Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiarski@aatil.no

Telefon

Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868

Vår dato
04.03.2024

Vår referanse
ÅTIL Ski

Vinteren 2023 har Skigruppa også investert i ny rulle til bruk tidleg på sesongen. Erstattar den heimelaga slodden frå 19pilOgBue.



Vår dato
04.03.2024

Vår referanse
ÅTIL Ski

3 Aktivitet

Skileik er eit nytt konsept på Seimsåsen. Meininga er eit lågterskel tilbod til alle ungar som ynskjer å være aktiv på ski. Kveldane blir arrangert i samarbeid med Seniorgruppa. I 2022 sesongen bestod aktiviteten hovudsakleg av leik og moro på stadionområdet, gjerne med ein liten runde i 1 og 2 km som oppvarming. I snitt har kveldane samla 10 – 15 ivrige og kjekke ungar.

Det er gledeleg at Skigruppa også klarar å holde kiosken open i forbindelse med skileiken. Stor takk til Siri og Trine som har stått i bresjen for dette.

Aosarennet 2023:

Gjennomført 13. mars. Fine forhold på Seimsåsen. Få påmeldingar i aktiv klasse, men ei fin oppleving for dei som tok turen til Seimsåsen denne dagen.

Me veit av erfaring at skiaktivitet ofte heng saman med aktive foreldre, og gjerne kull der foreldregenerasjonen har drive med skisport tidlegare. Aktiviteten i barneidretten syner at det er håp for skigruppa framover. Det er mange ungar i dei yngre klassetrinna som er ivrige på ski. Her er det heilt klart kandidatar for langrennstreningar innan 1 – 2 år. I tillegg er konklusjonen at lågterskel skirenn med enkel administrasjon skapar meir aktivitet lokalt enn offisielle skirenn i krinssamanheng.

Romjulsrenn 2023:

Vel gjennomført barneskirenn 30. desember. Godt oppmøte både frå lokale ungar og besøkande ferieturistar. Nesten 50 ungar deltok på rennet. Premie til alle.

Barneidrett:

Skigruppa har framleis eit godt samarbeid med barneidretten. Aktivetskveldane på Seimsåsen er viktig for rekruttering og bruk av anlegget. Stor takk til alle som bidreg ekstra i forbindelse med desse arrangementa.





Vår dato
04.03.2024

Vår referanse
ÅTIL Ski

4 Økonomi

God økonomi i Skigruppa generelt sett.

Frå 2021 får Skigruppa overført kr. 50.000 frå Årdal Kommune i støtte til løypekøyning gjennom partnerskapsavtalen. Dette er ein avtale over 5 år, men opsjon på 5 nye år. Det vart gjort eit framstøyt på å få utbetalt summen for 5 år som eit eingongsbeløp, men dette vart ikkje følgt opp då behovet kanskje ikkje var veldig stort.

Frå 2022 lansert Vestland Fylkeskommune ein ny ordning for støtte til drift av Skianlegg. Skigruppa søkte og har fått innvilga støtte på 30.000 pr år dei neste 3 åra. Pengane er tiltenkt drift og forvaltning av anlegg og utstyr til løypekøyning.

5 Medlemstal

Barneidretten samlar 30-40 ungar kvar kveld, inklusive foreldre.

Seimsåsen er stadig eit aukande samlingspunkt for dei som vil gå randonee og fjellski.

Aktivitet utanfor uorganisert trening er i stor vekst. I skrivande stund ser ein at ei gruppe på ungar frå 2. til 5. klasse er på veg opp. 10 – 15 ungar kvar måndag på skileik.

6 Oppgåver i året som kjem

6.1 Anlegg

Vedlikehald og utvikling av anlegg er framleis ein av dei viktige oppgåvene for Skigruppa. Oversikt over dugnadsbehov i perioden framover:

- Rydding av skog i området rundt parkeringa
- Traseen langs traktorvegen i retning Geitånatjørni blir sannsynlegvis viktigare i åra framover for å ha løypeforhold tidleg på sesongen. Her er det dreneringsbehov i området ved krysset der løypa frå stadion kjem opp. Dette må utførast med maskin.
- Det blir truleg behov for noko dugnad i forbindelse med å etablere mobildekning (dette avhenger av framdrifta i prosjektet og teknisk løysing).
- Det står att noko malingsarbeid (glas på Aosahytta).

Dugnadsliste til seniorgruppa blir oppdatert fortløpande.

6.2 Rekruttering

Forslag om å satse meir på lokale renn, som alternativ til større kretsarrangement. Det er ein generell nedgang på tal aktive i heile krinsen. Små lokale renn, «låg terskel», vil være enklare å gjennomføre. Desse renna krev mindre planlegging og forarbeid. Me forventar at lokale renn vil være betre for rekrutteringa lokalt. Denne type aktivitet har same målgruppe som Barneidretten.

Det er nokre få ungar tilknytt Skigruppa som viser noko ekstra iver etter å delta på skirenn også utanfor Årdal. Dette er gledeleg med tanke på synergjar og effekten det kan få for interessa for Seimsåsen / langrenn.

I tida framover vil det også være behov for rekruttering til styre og stell. Større del av styret i Skigruppa er på val i 2025. Det er gledeleg at viljen til dugnad framleis er stor, og at alle har eit langsiktig perspektiv på engasjementet, men det er også behov for administrativ hjelp for å sikre finansiering og tilrettelegging av framtidige utviklingsprosjekt.